

og Fiskarlagets Servicekontor as, avd. Vest

Bergen, 04.03.2019

Vår ref. 274/19/BSI/5.7.1.0

Dykkar ref. 2019/4840

Fylkesmannen i Vestland

e-mail

## LINDÅS, MONGSTAD – SØKNAD OM SPRENGING AV KABELGRØFT 127/100

Viser til brev av 27.02.19, med vedlegg, vedkomande ovannemnde sak.

Det blir her søkt løyve til sprenging av kabelgrøft.

Ifølgje Fiskeridirektoratet sin kartdatabase er det ikkje registrert fiskeriinteresser i tiltaksområdet, men sprenginga kan ha konsekvensar i eit større område. Det blir òg fiska i område som ikkje er registrert da ein har «nye» fiskeri som t.d. leppefisk og kreps.

Ein vil gjere merksam på at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er derfor grunnleggjande avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav.

Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsvardi for norsk sjømat.

Lyd og bølger er òg forureining når det kan ha konsekvensar for det marine liv. Ein støttar derfor forslaget frå Norconsult om at det må setjast inn avbøtande tiltak for å avgrense skadeverknadene, som delladningar, boblegardin, fordemning og eventuelt andre gode tiltak.

Fiskarlaget Vest har ikkje merknader utover ovannemnde.



Med helsing  
Fiskarlaget Vest

Britt S. Instebø  
Britt Sæle Instebø

Kopi pr. mail: Nordhordland Fiskarlag  
Lindås kommune  
Fiskeridirektoratet region Vest

